



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Helge Mogstad 71 25 84 44

Vår dato
25.04.2002
Dykkar dato
04.03.2002

Vår ref.
2002/00726/421.0/HMO
Dykkar ref.
2001/2769 P/HTE

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL ENDRING AV PLAN- OG BYGNINGSLOVA - FRISTAR FOR PLANBEHANDLINGA

Vi viser til brev dagsett 04.03.02 der det blir lagt ut forslag om endring av fristane for planbehandling i plan- og bygningslova.

Vi er i hovedsak positive til dei endringane som er foreslått, og ser at tidsfristar i planbehandlinga vil gi aktørane og allmenta betre høve til å legge planer for framtidig utvikling.

Frist for behandling reguleringsforslag:

I dag kan det synest som om behandlingstida for reguleringsplaner varierer mellom dei ulike kommunane. Fristar for behandling vil kunne gi desse sakene den ønska prioritet og framdrift i kommunane.

Det er grunn til å vere merksam på dei private planforslaga som er ufullstendige og lite gjennomarbeida. Slike planer lir ofte av manglande eller mangelfulle vurderingar. For halde fristen for å legge planen fram for det faste planutvalet, kan kommunane få ekstraarbeid med å gjere dei vurderingane som tiltakshavar er føresett å gjere. Tidsfristen bør ikkje starte før det private planforslaget har eit innhald som viser at dei nødvendige vurderingane er gjorde, slik at kommunen har eit grunnlag for å vurdere konsekvensane av planen.

Etter at saka er ferdigbehandla i planutvalet er det foreslått ein frist på 12 veker til endeleg behandling i kommunestyret. Dette inneber at innanfor den fristen må fylkesmannen ha gjennomført mekling dersom det ligg føre motsegn til planen. Dersom saka blir oversendt fylkesmannen umiddelbart etter endeleg behandling i planutvalet, vil denne fristen vere tilstrekkeleg til å gjennomføre mekling.

Frist for motsegn:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgd den praksis at vi fremmar motsegn innan den fristen kommunen har sett for uttale til planen. I mange høve vil oppstartmeldinga vere så informativ at vi kan varsle motsegn allereie på dette tidspunkt.

Postadresse:
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 43

Telefax:
71 25 85 10

E-post:
postmottak@fm-mr.stat.no

Web:
www.fm-mr.stat.no

Vår erfaring er at kommunane set ein rimeleg frist for uttale til reguleringsplanane slik at det for sektorstyresmaktene er tilstrekkeleg tid til å vurdere motsegn. Så lenge uttalefristen til reguleringsplanane ikkje vert sett kortare enn i dag, vil vi støtte forslaget om å innføre fristar for motsegn til regulerings- byggnadsplaner.

Endringsforslaget omfatta ikkje kommuneplanane. Sjølv om det ikkje er same behovet for rask framdrift i kommuneplanlegginga, vil det lette kommunane sitt arbeid dersom fristen for motsegn blir den same som uttalefristen. Å fremme motsegn lenge etter uttalefristen, og like inn til behandlinga i kommunestyret, skaper vanskar for kommunen si behandling av planen. Motsegn som tryggleiksventil for sektorstyresmaktene bør kunne stettast innanfor uttalefristen også i kommuneplanlegginga.

Vi kan på denne bakgrunn støtte forslaget til endringar i plan- og bygningslova.

Med helsing


Ottar Befring


Marit Heggstad